

**Fredag kveld startar "Skal vi danse" sin sesong nummer to i TV2. Denne gongen har også en uskedeling ei viktig rolle i programmet. Tore Sergei Myklebust (35) syng i dansebandet saman med Cathrine G. Torp**

Dei tek over etter henholdsvis Heine Totland og Julie Aagård, som song i det førre programmet.

Tommy Steine og Guro Solberg skal leie dei 10 direkte-sendingane og 10 kjendisar deltek i tevlinga. Til slutt vil det stå att eit vinnerpar i dysten, som sist vart vunne av Kathrine Moholt og Bjørn Holthe.

Tore Sergei er ikkje akkurat noen nybyrjar i det som frå gammalt vert kalla showbusiness. Han har lagt for dagen eit imponerende mangfald.

Han er født i Bergen, vaks opp i Uskedalen og flytta attende til Bergen for utdanning i 1990. Allereie då han var seks, spela han piano, trekkspell, munnspel og trompet.. Han arbeidde ved EPCOT center i Florida og som sportsvert i Gambia og på Kypros før han flytta til Stockholm i 1996 og vart artist på Wallmans Golden Hits på Kungsgatan.

Året etter skreiv han under platekontrakt og vart med det fjerde og siste vokalmedlemmet i popgruppa Dear Morn, som hadde fleire store konsertar og var med i TV-program.

Dear Morn dro også ut i verda og var mellom anna hovudattraksjonen i ein nyårsgalla på kinesisk TV. På Taiwan spelte gruppa inn ein musikkvideo saman med ein av Asias største kvinnelege artistar. Sommaren 1999 var bandet på ein stor konsertrunde i Kina, mellom anna med tre utselte konsertar i Beijing Konserthus.

Så tok uskedelingen ei pause frå underholdningsbransjem og studerte leiing av prosjektar i Stockholm samstundes som han song med eit soulkor. Han var også skodespelar i filmen "Livet är en schlager" og song i show-gruppa "The Baltic Stars". I 2000 flytta Tore til Oslo og var med og starta Wallmans Salonger på Mølla der han også var syngjande kelner og traff Helle Grankel, som han starta Blue Moon Bar saman med. Her såg også Blue Moon Band dagens ljus. Baren levde ikkje lenge, men bandet spelar framleis.

Tore har og vore med i fleire musikalar, dubba filmar og arbeidd bak kamera i produksjonar som Spellemannsprisen og Gullruten. Han har fleire spanande prosjekt på gong med tanke på framtida.  
Av Ola Matti Mathisen

Sjå også hans eiga heimeside : <http://www.toremyklebust.com/>